


Tore Ørjasæter 75 år

At Ørjasæter alt er blitt 75 år, kan ingen tru når dei ser han. Li-kevel er det nok mange i dette landet som trudde han var eldre enn 75, for han debuterte bare 22 år gammal og har såleis hatt eit namn som diktar i 53 år!

Ørjasæter skulle bli bonde, men heldigvis for oss vart han sjuk og slo inn på diktarbanen i staden og kom i 1908 med første diktsamlinga si.

Ørjasæter er ein småliten mann og likar ikkje store ord. Han har budd i Gudbrandsdalen i så å si heile sitt liv fordi han liker ikkje mange menneske rundt seg. Det vil ikkje seie at han er folkesky, nei, tvert imot, han liker å vere saman med folk og da helst ungdommen, men han har ofte trong for å vere aleine, noe han aldri ville få have til i ein by. Ørjasæter har korkje hatt evne eller trong til å lage reklame om seg sjølv, og han er aldri blitt «populær» og kan heller aldri bli det. Men få diktarar har vel vore så godt likt og har hatt så mange



gode venner som han. Alle som kjenner han, har bare ein ting å seie: «Han er eit vidunderlig menneske.»

I Studentmållaget har Ørjasæter alltid vore ein trufast gjest, og heidersmedlem er han sjølv-sagt. Seinast på 60-års festen vår hadde vi glede av å ha han imellom oss.

Tru mot sine ideal har han alltid vore, og det veit vi ungdommar å sette pris på. Tru mot sitt eige eg og mot den rot han rann opp av. Slikt er mangelvare i dag.

APPROPOS

Nr. 1

Onsdag 22. mars

1961

ORGAN FOR STUDENTMÅLLAGET I OSLO

To likeverdige stilar —
og DIALEKTKUNNSKAP til eksamen artium!

Private «hugselister» i bruk rundt om på skoleane.

Studentmållaget har vedtatt ein resolusjon der det går inn for to *likeverdige stilar* til eksamen artium. Det er Studentmållaget si meining at full jamstilling ikkje kan gjennomførast utan at begge måla får like vilkar i alle skolar i helle landet.

Med berre ein stil vil ein ikkje lenger kunne vente at statstestene skal kunne nytte begge målfornene. Det er skralt i så måte slik det er i dag — så skralt at ein ikkje kan gå ut frå at det berre er intelligensen det skorter på. Skylda må ein legge på to ting: Vond vilje og dårleg undervising.

Vi har før nemnt her i APPROPOS at vi veit om mange tilfelle der lærarane medvile saboterer og gjer narr av nynorsken. Dessutan kjenner dei fleste til at norskopp-læringa utan tvil har fleire mang-lar. Somme lærarar gjer oss bjør-netenester ved at dei fører ein ulovlig purismepolitikk. Her burde departementet sørge for at lærarane i samsvar med mållovene lærer barna eit moderne språk, og ikkje gir nynorsken ut for å vere eit språk av berre ukjente og gammalvorne ord. La dei døde orda få kvile i fred! I alle tilfelle er det pedagogisk tåpelig å *begynne* opplæringa med slike ord.

Men det er ikkje bare mennesket Tore Ørjasæter vi vil heidle, vi vil også takke han for alt han har gitt oss gjennom diktinga si. For det veit dei som har lese Tore Ørjasæter, at det ikkje er for in-gen ting at han reknas blant Noregs største lyrikkarar.

75 år er ingen alder, og ennå har ikkje diktar kjeldra runne tom. Det seies at han er ivrig opptatt med eit nytt skodespel, og det blir nok ikkje det siste vi får frå hans hand.

Vi i Studentmållaget, og vi kan sikkert seie *all* studerande ungdom i dette landet, helsar og hyl-lar deg for det du har vore og er for oss, og vi vonar at du også i mange, mange år ennå vil vere den kjelda til glede og inspira-sjon som du alltid har vore.

Erling Lægreid.

Sjå «MÅKEN» av Anton Tsjekov

« — SESONGENS STORE FORESTILLING

Det er vidunderlig ennå en gang å se mesterverket i en lytefri tolkning — en framføring som både byr på en rekke ypperlige enkeltprestasjoner og på et samspill som gir illusjonen av opplevelse.»

Paul Gjerdahl i Arbeiderbladet

«Jeg vet ingen andre skuespill som har denne særegne utstrålingen — Det gikk med publikum som det alltid går med meg — vi satt med øyne og ører på skaff og hadde det utmerket.»

Arel Kjelland i Dagbladet

«Hatten av for Det Norske Teatret! Dette var noe til forestilling, så sann — — se denne forestillingen, for guds skyld!»

Martin Nag i Friheten.

«Vi har mykje godt teater i Oslo nett no, og her kjem «Måken» som det aller beste. Går vi ikkje i teater no, fortener vi ikkje teater.»

Tore Ørjasæter i Nationen

LIVS- OG PENSJONSTRYGNING

ANDVAK

Møllergt. 16 · Oslo

APPROPOS

Organ
for Studentmållaget i
Oslo.
Nordahl Brunst. 22.

Ansvarleg redaktør:
Erling Lægneid.

Med i redaksjonen:
Egil Johan Ree

neske kan tru dei gjer nynorsken ei teneste med dette.

Barn og ungdom vil bygge på det dei kjemmer. Ord og former dei sjølvne ikkje brukar, men som dei blir tvunga til å bruke, reagerer dei sterkt og spontant på. Hadde bare ikkje lærarane vore så «gamle», så hadde dei hugst korleis dei sjølvne reagerte i slike tilfelle.

Denne tåpelige innstillinga re-gjerer i sterk grad i skolorne i dag. Den pedagogisk rette måten å gå fram på måtte da heller vere å tillate så stor friedom som råd. Med tida ville så elevane si eiga stilkjensle kunne vurdere kva dei vil ha med. Ingen kan påtvingas stilkjensle. Blir det gjort freist-

nad på det, får vi klisjespråk, og det har vi sannelig nok år frå før.

Dersom elevane og lærarar skul-dar sidemålsstilen for å øydelegge undervisninga, skuldar dei seg sjølvne for evneløse. Men det ville vere til uboteleg skade for alt som heiter norsk tradisjon om side-målsstilen må bort. Tvert imot meiner vi at i staden for å inn-snevre norskundervisninga, må ho utvidas til å omfatte dialek-tane våre. Vi er inne i ein om-formingsperiode som vi må gjen-nom, og på vegen mot eitt norsk mål må vi få alt det beste i dia-lektane med oss. Vi kan ikkje late att auga og tru at når vi opnar dei igjen, så har vi løyst alle pro-blem. At ikkje hovuddialektane i landet er representerte i lesebo-kene våre, er ei skam og eit prov på kor nasealangt vi ser.

At gymnasiastane stiller sine furte krav om å få bort side-målsstilen, er ikkje noe nytt. Men at også lærarane blandar seg i hylekoret, kan få ein til å un-das. At riksmålsfanatikarane er imot sidemålsstilen, seier seg sjølv. Dei har nå sine egne grun-nar for å ignorere dei faktiske forhold!

Danna vestlandskjøpmenn an-nonserer på stivaste knotemålet

til Øverland, og dei ikkje mindre høgdamna Oslokjøpmenn annonse-rer på anglo-amerikansk. Utvik-linga talar for seg sjølv, men år-sakene bør vi undersøke nærare.

DET ER SAGT:

Gammelmanns død

Det er to ting å merke ved riksmålsbevegelsen. Den er uten håp, og den er nasjonalt uklart. Den er uten håp fordi den har til oppgave å gjøre *motstand mot*, ikke å *kjempe for*. Det er ikke for riksmålets skyld den er dan-net. Det har aldri kalt den fram. Det var landsmålet som gjorde at foreninga er dannet. I selve dens oppkomst ligger derfor dens pro-gram: Motstand mot. Og dette er det låkeste program noen kan ha. Den som imtar en slik stilling, visner daglig bort. Livsaftene sur-ner, han blir mold før tida. Der-for er riksmålsbevegelsen en dømt bevegelse. Å slutte seg til den er gammelmanns dåd. Det fins ikke gror i den fylkingen. (Biskop Eivind Berggrav.)

Modernisering

Når jeg er glad i «målet», kom-mer det vel ikke bare av alle de

Den moderne, tevelføre nynorsken - eit nyanseberande innslag som foreldreaksjonen er redd for

Eitt særdrag ved vår tid er dei sterke impulsane frå andre lands språk og kultur som bryt innover oss. Vi har da grunn til å spørja oss sjølvne kva for kulturverdiar vi har, og kva vi kan bera med oss in i framtida. Den dagen kan komma da vi ønskjer vi hadde dei. Det er såleis ikkje utenkeleg at vi om ein 30-års tid har enda eit språk her i landet — engelsk. Det er da god grunn til å spørja om vi som folk har råd til å vrake dei verdiane som nynorsk språk og kultur re-presenterer. Det skulle vera ei oppgåve å syte for at det får så stort rom og så gode vilkår som muleg.

Det er ille at vi i dag er eit språkløvt folk. Vidare er det sørgjeleg at sterke krefter er en-gasjerne for å kaste skitt over folkelege ord og seiemåtar. Rett nok hevdar Foreldreaksjonen at det ikkje er nynorsken dei vil til livs når det blir gjort nart av ord og ordformer som i vanleg godt bokmål har same skrivemåten som i nynorsk. Eg kan ikkje godta slikt. Ikkje det grunn

betre er det når «Frisprog» skry-ter av dialektane og synes dei er så fine, så fine, når dei ved før-ste høve henger ut skriftmålsfor-mer som bygger beinveges på van-lege folks tale, på målføra våre. Gjennom åataka på orda i bokmål bygger dei opp ein reaksjon mot dei same formene i nynorsk, mot målføra, mot ein sams kulturav som dei i eine andedraget seier dei elsker, men som dei ved det første høvet gjer alt dei kan for å få kasta ut av skolekreisar der nynorsk er det einaste naturlege opplæringsmålet.

Det er fleire grunnar til at dei er opptekne med dette. Analyserer vi dette problemkomplekset, kjem vi ikkje utanom ein svært viktig faktor: *Dei er redde den moderne, tevelføre nynorsken som i dag er eit nyanseberande innslag i den språklege uniformeringa som i dag går for seg bl. a. gjennom pressa.* I propagandaen deira, sy-nes det vera viktig å stemple ny-norsk som samnorsk, enda det er klart for alle som kan og vil lesa, at *noko samnorsk i den tidninga*

som Foreldreaksjonen legg i det, ikkje fins. Derimot er nynorsk eit samlande norsk skriftmål, eit riksmål, bygt på talenålet i bygd og by. Det synes gå tydeleg fram at det gjeld å hindre rekrutteringa av dei som kan bruke det språ-ke som løyser ut bundne krefter i bygdokulturen og i ein samlande norsk kultur, det språket som gir nyanserikdom. Det er verknaden av arbeidet med å kaste ny-norsken ut av skolekreisar der han er naturleg opplæringsmål for barna — og trass i alt skal no omsynet til barna vera svært vik-tig for foreldreaksjonistane. I bytte for nynorsken byr dei fram eit arkaiserande frase -og klisje-språk, «som slarfar laust kring tanken». Det er sagt meg at sorga skal vera stor innan Foreldreak-sjonen kvar gong skolekreitsane heller ikkje vil ha det, men krev radikalt bokmål. Men etter skole-mål-avtøystingane skriv likevel «Frisprog» at «Riksmålet seier». *Dei som i dag rusar mot og gjer nart av det folkelege innslaget i t. a. godt bokmål, er med og gjev grunnvollen vekte for ein*

STYRET I VÅR-SEMESTERET

Formann Eirik Aksel Larsen
(Verdal)
Nestformann Einar Slynstad
(«Sunnør») (Solund)
Kasserar Birger Rines
(Solum)
Skrivar Inger Helene Arnestad
(Rena)
Teaterkontakt Guri Vesaas
(Vinje)
Rådmann Reimund Kvideland
(Finne)
Varamenn Solveig Granerud
(Lillehammer) og
Jon Stangeland (Jæren)
Adressa er
Studentbokhandelen,
Karl Johans gate 47, Oslo

delige diktene — Vinje, Sivle og Haugtussa ikke minst. Men fordi jeg har holdt av så mange men-nesker som brukte det . . . Jeg skulle ønske at de som har for-bedret mine barnebøker til «et språk som moderne barn kan for-stå», ville ha valgt nynorsken. (Forfatterinna Barbra Ring.) (Dette burde Frisprog ha vist!)

framtid, sjølestending norsk språk- og kulturovskost.

Oslo verkar som ein «kultur-

magnet» — språkleg som ein smeldegjel. Språkkleivinga sy-ner fram ei indre norsk kultur-kløving. Der får bokmål den sto-naden og tyngda som eit kultu-rell, økonomisk og sosialt sentrum vil gi reint automatisk. På den andre fløya finn vi nynorsk og bygdokulturen som ikkje er knytt til noko slikt sentrum, følgjeleg har dei ikkje same tiltreknings-krafter, heller ikkje same slag-krafter. Det er i same stunda både veliskap og styrke. Styrken ligg i at det gir større rom for ny-anse. Eg trur at det er ved å gå til det opphavelige og enkle at eit folk hentar seg kraft til vidare utvikling. Bygdokulturen er knytt til vanlege folks tale, tanke og gjerning. Når vi søker inn til kjernen i livet, og såleis til kjer-nen i oss sjølvne, skaper vi villkår for ny kulturovskost. Her er vi inne på sjølvne grunntraga i den nynorske kulturreisinga. Vi vil bera med oss norsk kulturav og bygge han inn i dei nye tillova. Dette er vårt alternativ, og vi set det opp mot det uniformerings-presset vi alle blir utsette for. La særpreget få vera med. Vår tid spør etter nyanserikdom.

Eivind Aksel Larsen.

Røre og oppklaring

I motsetnad til haustsemesteret ser varsemesteret ut til å bli både morosamt og givande. Arne Haugstad har utvilsamt eit godt grep på saken.

Når det gjeld dei «upopulære», fekk Haugstad ein filks idé om å sløyte dansen på tysdagskveldane. Dette fall heldigvis i fisk, men han ville ikkje gi seg heilt, så noe særleg dansing får spretne ungdommar ikkje høve til.

Programmet er etter vår meining stlett ikkje upopulært, men frammetet er mindre enn ein kunne vente. Ein skulle elles også ha venta at ein mann som profes-sor Winnes skulle ha fått snakka på ein laundagskveld. Vi synes at han hadde trengt å forsvare sine lettvinde konklusjonar for kom-pente motstandarar.

Ein *kan* da ikkje avfeie Russel og Sartre med eit par knips. Dei misforstår Bergson totalt, men *eg* forstår han, eg. Det er da klart at Bergson var kristen, for det har eg toika ut frå ei fråsegn som kona hans har sagt at han hadde sagt da da han var 78—79 år.

Dei andre programma har vore gode, men noen god *talur* har vi ikkje blitt utsette for. Tenk kva Jan Askeland kunne ha gjort utav surrealismen! På laundagsmøta har det vore moro stort sett for oss menige. Men vi vart overraska over den arroganse den teologiske prof. Molland la for dagen på møtet der prof. Hedenius talte om humanisme kontra kristendom. Det var som eit gufs frå svartaste

middelalder strauk gjennom salen da Molland, med eit overlegent smil, karakteriserte Hedenius — litt omskrive — som ein tåpelig gutunge.

Elles må vi bli spart for trusvedkjenningar o. l. i framtida. Ein må kunne vente at debattantane held seg til saka i høgre grad enn ofte er tilfelle.

Ein del av styret (sju furtne personar tilsaman) har gått av i protest mot eit eller anna. Dette «eit eller anna» skal visst offisielt vere at dei er imot Haugstads syn på atomspørsmålet. Ein kunne ha lyst til å spørje dei om dei ikkje visste kva Haugstad sto for før valet? I alle høve visste dei kor han sto etter atomresolusjonen i Samfunnet. At dei ikkje gjekk ut den gongen, dersom vi altså går ut frå at dei er idealistar og står og fell med sine meningar, kan tydas på to måtar:

1) At dei etterpå vart utsette for press frå visse kretsar.

2) At dei undervurderte Haugstads personligdom, og rekna med at dei hadde han i lomma, og at dei skulle greie å ta «grillene» frå han.

I begge tilfelle har utbyttarane (det er da forferdeleg kor populært det er blitt å vere utbyttar!) ikkje vunne *meir* prestisje enn dei hadde før. Så mye kan eg trygt seie.

Bli medlem du òg!



Den folkelege, norske tradisjonen har verdier som må få høve til å utvikla seg som ein del av det moderne samfunnslivet.

Til no har over 13 000 meldt seg inn i Kringkastingsringen.

For studentar og skole-elevor er lagspengane kr. 3 for året. For andre kr. 5. Ektefolk som begge står i ringen, betaler til saman kr. 6.

K R I N G K A S T I N G S R I N G E N

Postgiro 184 17. Bankgiro 31 96/659.
Nordahl Brunsst. 22, Oslo.

STUDENTSAMSKIPNADEN I OSLO

er studentane sin velferdsorganisasjon ved Universitetet og høgskolane i Oslo.

Studentsamskipnaden driv m. a. Studentbyen på Sogn, restaurantar, husformidling, bokhandel, forlag, reisekontor og helsestasjon.

Adr. Uranienborgveien 11.
Telefon 69 45 90. Telegramadr.: Student.

Studentar!

Bruk
NYNORSK-banken
i hovudstraden:



OSLO NYE SPAREBANK

ROSENKRANTZ GATE 9
Telefon 33 04 66 - Telegramadresse: «Oslobank»

Nytt skrift frå Noregs Mållag

Olav Midtun:

NYNORSK TALEMÅL i samband med skrivemålet og målføra

Korleis normaliserer du talemålet?

Eit nyttig skrift for alle som vil tala eit godt, klart og vakkert norsk mål

Pris kr. 4,— utan sendekostnad

NOREGS MÅLLAG

Boks 911 - Postgirokontto 142 30 - Oslo

Trønderheimen

Prinsensgt. 27 — Trondheim

HOTELL

Kaffistove med kafeteriaservering

Heimtriveleg og godt